

Kva påverkar om ein får tidsavgrensa uførestønad eller varig uførepensjon?

AV: LINDA HAUGE OG TORUNN BRAGSTAD

SAMANDRAG

Det er fire år sidan tidsavgrensa uførestønad vart innført. Uføre med ein usikker prognose og/eller ein antatt restarbeids-evne skulle innvilgast tidsavgrensa uførestønad i staden for varig uførepensjon. Grupper der ein særleg er usikker på den framtidige arbeidsevna, er yngre personar med lettare psykiske lidningar eller lidningar i muskel-/skjelettsystemet. I artikkelen ser vi på kva som påverkar om utfallet av ein søknad om uføreyting vert tidsavgrensa uførestønad eller varig uførepensjon, gitt at ein fyller vilkåra for ytinga. Dei førebelse resultatata viser i all hovudsak at ein har treft målgruppa for tidsavgrensa uførestønad. Alder og dei aktuelle diagnosane for lettare psykiske lidningar og lidningar innan muskel-/skjelettsystemet er dei faktorane som har sterkest forklaringskraft. Tidlegare tilknytning til arbeidslivet ser også ut til å ha effekt. Eit anna interessant funn er at kva ordning som gjev den beste økonomiske kompensasjonen, ser ut til å påverka om uføreytinga vert tidsavgrensa eller varig.

INNLEIING OG PROBLEMSTILLING

Regelverket for uførepensjon har dei seinare åra vorte endra slik at uførepensjonistar lettare kan prøva seg i arbeid utan å miste pensjonen. Denne regelendringa har likevel ikkje ført til at mange uførepensjonistar ynskjer å koma i arbeid. Direkte forsøk på reaktivisering av uførepensjonistar viser at dette er eit krevjande arbeid. Med innføring av ein tidsavgrensa uførestønad (TU) for personar med ein usikker prognose og/eller ein antatt restarbeids-evne, gjorde ein det mogleg å systematisere opp-


følginga av dei som med størst sannsyn kunne tilbakeførast heilt eller delvis til arbeidslivet.

Bakgrunnen for at ein innførte TU, var at det var ein kraftig auke i tilgangen av nye uførepensjonistar på slutten av 1990-talet (NOU 2000:27, Sandmanutvalet). Sidan byrjinga av 1990-tallet har prosentdelen mottakarar av uføreytingar auka frå i overkant av åtte til rundt 11 prosent av folkemengda i alderen 18 til 66 år. Veksten i denne perioden skuldast delvis demografiske endringar, delvis forhold på arbeidsmarknaden og delvis regelendringar på uføreområdet, og for alternative ordningar som rehabiliteringspengar og attføringspengar.

Tidsavgrensa uførestønad vart også innført med tanke på at det blir viktig å utnytte meir av arbeidskrafta når den komande eldrebølgja kjem etter kvart som dei store etterkrigskulla blir pensjonistar. Ved å innføre ei tidsavgrensa uføreordning hadde ein ei målsetjing om at fleire skulle kunne ta opp att arbeidet heilt eller delvis.

Det er no vel fire år sidan ordninga vart innført, og dei som fekk innvilga fire år med TU i 1. halvår 2004 har gått ut perioden i 1. halvår 2008. Dette er difor eit interessant tidspunkt å sjå nærare på korleis ordninga har verka. Utredningskontoret i Arbeids- og velferdsdirektoratet arbeider med eit prosjekt som er eit bidrag til evaluering av ordninga. I fyrste fase i prosjektet skal vi sjå nærare på kva som påverkar om ein får tidsavgrensa uførestønad eller uførepensjon (UP). I andre fase av prosjektet skal vi analysere korleis det går med dei som har fått innvilga ein periode på TU. I denne artikkelen presenterer vi førebelse resultat frå fyrste del av dette arbeidet.

Figur 1:
Personar med uføreytingar i prosent av folkemengda ved utgangen av året. 1993-2007



TIDSAVGRENSA UFØRESTØNAD ELLER VARIG UFØREPENSJON – MODELLERING AV UTFALLET

Prosessen som leiar fram mot ein uførestønad, startar som oftast med eit eller fleire sjukepengetilfelle der ein etter kvart brukar opp sjukepengerechten. Deretter går ein gjerne over på rehabiliteringspengar og/eller attføringspengar, før ein fremjar søknad om uføreyting. Den som søker, søker om ei uføreyting, ikkje spesielt om tidsavgrensa uførestønad (TU) eller varig uførepensjon (UP). Det er NAV som avgjer kven av dei to ytingane som skal verte innvilga, gitt at søkjaren oppfyller vilkåra for uføreyting.

Det er denne avgjerdsprosessen vi forsøker å modellere i denne artikkelen. Som ved varig uførepensjon, er det eit vilkår at inntektsevna må være varig nedsett med minst 50 prosent. Det er altså dei same inngangsvilkåra for begge ytingane. Tidsavgrensa uførestønad skal gjevast når ytterlegare behandling, rehabilitering eller attføring ikkje er venta å betre inntektsevna på søknadstidspunktet, men der framtidig inntektsevne er meir usikker. Det skal gjevast tidsavgrensa uførestønad dersom det er utsikter til betring. I NAV sine rundskriv er det gjevne retningslinjer om når det skal gjevast tidsavgrensa uførestønad framfor varig uførepensjon. TU skal gjevast om søkjaren har muskel-/skjelettlidingar eller lettare psykiske lidningar der det knyter seg uvisse til varigheita av funksjonsnedsetjinga.¹ Eit anna viktig prinsipp i avgjerla om stønaden skal bli tidsavgrensa eller varig er alderen til søkjaren. Det er lagt

¹ Som t.d. depressive lidningar, angstlidningar og mindre alvorlege personlegdomsforstyringar

Data og metode

Vi har teke utgangspunkt i alle som har tilgang til uføreordningane i åra 2004–2006. Dersom nokon har fleire tilgangar i perioden, har vi inkludert den fyrste.² Personar som mottek ei uføreyting, men er busett i utlandet, er uteletne frå analysen. Vi nyttar logistisk regresjon til å analysere kva som påverkar sannsynet for å få anten varig eller tidsavgrensa uførestønad. Dette er ein praktisk metode når ein skal studere avhengige variablar med to utfall (UP eller TU). Med ein slik modell kan vi studere kva kvar einskild faktor, til dømes kjønn, alder og bustad har å seie for sannsynet for å få anten varig eller tidsavgrensa uførestønad. Vi har laga intervall av kontinuerlege variable som til dømes alder og kompensasjonsgrad. Den eine kategorien er referansekategori. Effekten av ein variabel må tolkast relativt til referanseverdien.

Vi har gjort analysar med begge kjønn samla og menn og kvinner kvar for seg.


² Ein del har t.d. tilgang til varig uførepensjon etter ein periode med TU. I slike tilfeller er det berre tilgangen til TU som er inkludert i analysen.

vekt på at ein skal være tilbakehalden med å innvilge varig uførepensjon til unge og middelaldrande personar. Det er vidare lagt vekt på at det skal gjerast ei samla vurdering av vedkommande sine fysiske, psykiske og sosiale ressursar når funksjonsevna skal vurderast mot arbeid og aktivitet.

Kva påverkar utfallet?


I perioden 1.1.2004–1.5.2008 er det til saman vel 128 000 nye mottakarar av uføreytingar. I underkant av 50 000 av desse er mottakarar av TU. Nærare to tredjedelar av desse er kvinner. Kvinner har i lang tid vore i overvekt blant nye mottakarar av uføreytingar, og dette er ikkje endra med innføringa av tidsavgrensa uførestønad. Blant dei nye mottakarane av uføreytingar etter 1.1.2004, får 44 prosent av kvinnene TU, medan den tilsvarende prosentdelen for menn er 30 prosent.

Figur 2.
Nye uførepensjonistar i alderen 18-66 år etter aldersgruppe og kjønn. 2003



KJELDE: NAV

Figur 3:
Nye mottakarar av uføreytingar i alderen 18-66 år etter aldersgruppe og kjønn. 2005



KJELDE: NAV

Kjønn og alder

For begge kjønn aukar tilgangen naturleg nok med alderen. Menn er i overvekt blant dei aller yngste og dei aller eldste. Figur 2 viser aldersfordelinga for nye uførepensjonistar i 2003 – året før innføringa av tidsavgrensa uførestønad.

Figur 3 viser korleis aldersfordelinga ser ut eitt år etter innføringa av tidsavgrensa uførestønad. For nye mottakarar av varig uførepensjon er det no liten skilnad i alderssamansetninga mellom menn og kvinner. Overvekta av kvinner i dei midtre aldersgruppene er flytta over blant mottakarane av tidsavgrensa uførestønad. Etter innføringa av TU auka også prosentdelen kvinner med 100 prosent uføregrad³.

Ut frå dette kan vi difor vente at alder vil ha ein tydeleg påverknad på om utfallet vert tidsavgrensa uførestønad eller varig uførepensjon. Men er det slik at overvekta av kvinner blant mottakarane av tidsavgrensa uførestønad skuldast aldersfordelinga? Vi veit også at kvinner i større grad er ramma av muskel-/skjelettlidingar.

Analyseresultatata viser at sjølv om vi korrigerer for ei rekke faktorar, inkludert diagnose, finn vi ein sjølvstendig effekt av å være kvinne.⁴ Dette tyder på at det å vere kvinne i seg sjølv gir større sannsyn for å få tidsavgrensa uførestønad.

For begge kjønn ser vi at alder er ein sentral faktor som

speler inn på utfallet om kven av dei to uføreytingane som vert innvilga. Jo høgre alder, jo større sannsyn for å få innvilga varig uførepensjon. Dette heng i stor grad saman med at utsiktene til betring er større jo yngre ein er. Dei aller yngste (18–24 år) får likevel i større grad innvilga varig uførepensjon. Dette kan forklarast med at ein stor del av desse har alvorlege psykiske lidingar eller medfødde sjukdomar som psykisk utviklingshemming og medfødde misdanningar og kromosomfeil (Brage og Thune, 2008).

Lettare psykiske lidingar gjev i større grad TU

Uførepensjon er koda etter diagnosesystemet ICD-9 og ICD-10. Dei store diagnosegruppene både for uførepensjon og tidsavgrensa uførestønad er diagnosar i muskel-/skjelettsystemet og psykiske lidingar. I 2003 utgjorde personar med desse diagnosane 60 prosent av uførepensjonistane. Prosentdelen var noko høgre for kvinner enn for menn. Tildels er dette diagnosar der det både er vanskeleg å gje gode prognosar og adekvat behandling. Diagnosane varierer også med alder. Psykiske lidingar dominerer blant dei yngre, medan muskel-/skjelettlidingar og hjertesjukdomar finst hyppigare hos dei eldste. Blant dei yngste mottakarane av tidsavgrensa uførestønad er muskel-/skjelettplagar overrepresentert. Derimot finn vi ein større prosentdel med psykiske lidingar på tidsavgrensa uførestønad enn med uførepensjon blant dei eldre.

Tabellane under viser diagnosefordelinga for mottaka-

³ Dette kan ha samanheng med at ordninga med kombinert vurdering blei oppheva samtidig med innføring av tidsavgrensa uførestønad

⁴ Sjå vedlegg for regresjonsresultat

Tabell 1a.

Nye mottakarar av uførepensjon og tidsavgrensa uførestønad 2005. Fordeling på diagnosegrupper i prosent. Mottakarar under 45 år

	Uførepensjon			Tidsavgrensa uførestønad		
	Kvinner	Menn	Totalt	Kvinner	Menn	Totalt
Psykiske lidingar	40	50	45	39	49	43
Muskel/skjelettlidingar	9	5	7	26	16	22
Sjukdomar i sirkulasjonssystemet	2	2	2	2	2	2
Sjukdomar i luftveiene	1	1	1	1	1	1
Andre diagnosar og uoppgitt	48	42	45	33	33	33

KJELDE: NAV

Tabell 1b.

Nye mottakarar av uførepensjon og tidsavgrensa uførestønad 2005. Fordeling på diagnosegrupper i prosent. Mottakarar 45 år og over.

	Uførepensjon			Tidsavgrensa uførestønad		
	Kvinner	Menn	Totalt	Kvinner	Menn	Totalt
Psykiske lidingar	14	15	15	25	26	25
Muskel/skjelettlidingar	43	29	36	41	33	38
Sjukdomar i sirkulasjonssystemet	6	16	11	3	8	5
Sjukdomar i luftveiene	3	4	3	1	1	1
Andre diagnosar og uoppgitt	34	37	36	31	33	32

KJELDE: NAV

rar av uføreytingar over og under 45 år. I 2003 utgjorde aldersgruppa under 45 år omlag 22 prosent av dei nye uførepensjonistane. Etter innføringa av TU har hovudtyngda av gruppa muskel-/skjelettlidingar for dei under 45 år flytta over dit. Blant mottakarane under 45 år, finn vi alle som er fødd uføre og som får ein varig uførepensjon.

I analysen har vi gruppert diagnosane slik at vi kan skilje kvar gruppe innan muskel/skjelett og psykiske lidingar, medan dei andre diagnosane er gruppert i større kategoriar.

For psykiske lidingar gjev gruppene affektive lidingar, nevrosar, åtferds- og personlegdomsforstyrningar signifikant større sannsyn for tidsavgrensa uførestønad. Sjukdomar der det ikkje er utsikter til betring, som psykisk utviklingshemming, får så og seie utelukkande varig uførepensjon. Sjukdomar i andedrettssystemet gjev signifikant større sannsyn for varig uførepensjon for menn.

Innanfor muskel-/skjelettsystemet gjev ryggsgjukdomar og fibromyalgi større sannsyn for tidsavgrensa uførestønad. Artritt og artrosar gjev auka sannsyn for varig uførepensjon, men resultatet er ikkje statistisk signifikant.

Kompensasjonsgrad har betydning

Tradisjonelt har brukaren fått det beste økonomiske utfallet av ei yting dersom det er alternative grunnlag ytinga skal reknast ut på. Til dømes skal ein ved utrekning av uførepensjonen rekne ut poengtalet på grunnlag av dei tre siste åra eller halvparten av dei beste åra frå ein var 17 år. I ein del tilfeller vil det ikkje være opplagt om utfallet bør være tidsavgrensa eller varig uførepensjon. Vi kan, i alle fall teoretisk, tenkje oss at avgjerda i uklare tilfeller kan avhenge av kva den økonomiske kompensasjonen vert i kvart utfall.

Kva som vil gje best økonomisk kompensasjon av TU eller UP er avhengig av kva inntektsprofil ein har hatt før ein vart ufør. Grovt sett vil varig uførepensjon gje høgst kompensasjon dersom ein har hatt mange år med pensjonsopptening tidlegare i livet. Tidsavgrensa uførestønad vil gje betre kompensasjon dersom det er det siste eller dei tre siste åra før uføretidspunktet ein har hatt best opptening.

I analysen har vi på bakgrunn av inntektshistorikk og opptening av pensjonspoeng, rekna ut kva den månadlege utbetalinga ville vore for det utfallet det ikkje vart. Sidan utrekninga av uførepensjon og TU er ulik, vil utfalla gje ulik kompensasjon.⁵ Vi har delt inn kompensasjonsgraden i tre kategoriar: Om lag lik, uførepensjon gjev betre kompensasjon og tidsavgrensa uførestønad gjev betre kompensasjon.⁶

Kompensasjonsgraden ser ut til å påverke utfallet av kva uføreyting ein får. Resultata er statistisk signifikante både for kvinner og menn. Sannsynet for å få varig uførepensjon dersom kompensasjonsgraden er betre, er likevel

Utrekning av varig uførepensjon:

Varig uførepensjon vert i hovudsak rekna ut som alderspensjon. Pensjonen består av grunnbeløpet, tilleggspensjon + evt. særtillegg og evt. forsørgingstillegg.

Storleiken på tilleggspensjonen er mellom anna avhengig av

- kor mange år med opptening ein har
- kor høg arbeidsinntekta har vore i oppteningstida

For å rekne ut storleiken på tilleggspensjonen reknar vi fyrst ut pensjonspoenga (poeng fram til uføretidspunkt + framtidige poeng fram til ein fyller 67 år). I utrekninga av dei framtidige pensjonspoenga velg ein det gunstigaste alternativet av to moglege: anten eit gjennomsnitt av pensjonspoenga dei tre siste inntektsåra før uføretidspunktet eller gjennomsnittet av dei høgaste pensjonspoenga i halvparten av alle åra fom 17 år til uføretidspunktet. Som for alderspensjon rekna ein så ut sluttpoengtalet som gjennomsnittet av dei 20 beste åra inkludert år med utrekna pensjonspoeng. For eit gitt sluttpoengtal avheng storleiken på tilleggspensjonen av talet på år med pensjonspoeng (poengår).

Tidsavgrensa uførestønad:

Tidsavgrensa uførestønad vert utrekna på same måte som rehabiliteringspengar. Grunnlaget for utrekninga vert fastsett ut frå pensjonsgjevande inntekt året før uføreåret eller frå gjennomsnittet av dei siste tre åra dersom det gjev høgare grunnlag. Tidsavgrensa uførestønad utgjer 66 prosent av grunnlaget.

Minste yting: 1,8 x grunnbeløpet

Høgste yting: 66 prosent av 6 x grunnbeløpet

Ulikskapane i utrekninga av dei to ytingane gjer at kompensasjonen vil være avhengig av korleis inntektsprofilen har vore i åra før ein blir sjuk. Dersom ein har hatt betre pensjonsopptening tidlegare i livet vil ein få høgere kompensasjon ved varig uførepensjon.

høgst for menn. Tradisjonelt har ein på NAV-kontora gjeve det alternativet som gjev best økonomisk utteljing der det er alternative måtar å rekne storleiken på stønaden på. Dette skal ikkje være nokon sjølvstendig faktor når det skal avgjerast om søkjaren skal få TU eller UP. Det kan likevel være mange tilfeller der det ikkje er opplagt om

⁵ Sjå faktaboks

⁶ Mottakarar av både tidsavgrensa uførestønad og varig uførepensjon kan få barnetillegg. Dersom ein har barn under 18 år som ikkje forsørgjer seg sjølv, utgjer det årlege barnetillegget 40 prosent av grunnbeløpet for kvart barn. Barnetillegget er behovsprøvd. Tillegget kan reduserast eller falle bort dersom den samla inntekta til foreldra overstig eit fastsett fribeløp. Før 1. juni 2006 var barnetillegget på TU-ytinga eit standardisert tillegg på kr 17 pr barn pr dag, 260 dagar i året. Fram til dette tidspunktet vil difor storleiken på barnetillegget kunne utgjere skilnad i kompensasjonsgraden for dei to ytingane. For varig uførepensjon er det også ektefellestillegg dersom ein forsørgjer ektefelle. Storleiken på ektefellestillegget er 50 prosent av grunnløpet. Ektefellestillegget vert redusert dersom ein har mindre enn 40 år trygdetid. Vi har ikkje teke omsyn til dette i utrekninga av kompensasjonsgraden.

Tabell 2.

Tidlegare inntekt for nye mottakarar av uførepensjon og tidsavgrensa uførestønad 2002-2007.

	Inntekt i G året før uføreåret Median				Opptjeningsår i prosent av moglege år Median			
	UP		TU		UP		TU	
	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
Startår for pensjon								
2002	3,8	5			59	79		
2003	3,7	5			60	80		
2004	3,8	5,1	3,8	5	60	82	65	86
2005	3,9	5	3,6	4,8	62	83	64	83
2006	3,9	5	3,6	4,8	63	84	65	83
2007	3,8	4,9	3,6	4,7	64	85	64	81

KJELDE: NAV

søkjaren skal ha TU eller UP. I slike tilfeller kan ein tenkje seg at storleiken på ytinga kan ha ei tyding. Ei anna tolking kan være at kompensasjonsgraden har samanheng med tilknytninga til arbeidsmarknaden. Dersom kompensasjonen for TU overstig kompensasjonen for UP, tyder det på at ein har hatt høgare opptening dei siste åra. Det kan indikere betre utsikter til rehabilitering av arbeidsevna.

Arbeidsmarknadstilknytning

Tidlegare tilknytning til arbeidslivet er ein faktor som skal vurderast med omsyn til om det skal innvilgast TU eller UP. Vi forventar at ein sterkare tilknytning til arbeidslivet vil gje eit høgare sannsyn for å få TU.

Det er ein liten tendens til at mottakarane av tidsavgrensa uførestønad både har lågare inntekt før dei blei uføre og kortare opptening relativt til moglege år med opptening enn dei som får uførepensjon. Dette kan truleg forklarast ved at den første gruppa gjennomsnittleg er yngre enn den andre. Den største forskjellen finn vi likevel mellom kvinner og menn.

Som mål på tilknytninga til arbeidslivet, har vi sett på talet med poengår relativt til kor mange potensielle år ein har. Som potensielle år reknar vi alle åra frå ein fyller 17 år til det året ein vart ufør. Vi finn at desto fleire år med poengår relativt til moglege år, desto større er sannsynet for å få innvilga TU når det er korrigert for m.a. alder og kjønn. Dette er i tråd med retningslinjene for kva det skal leggjast vekt på i valet mellom tidsavgrensa uførestønad og varig uførepensjon.

Vi har ikkje hatt informasjon om utdanninga til dei nye mottakarane av uføreytingar. Det kan være grunn til å tru at effekten av poengår ville vore mindre tydeleg dersom vi hadde kontrollert for utdanning.⁷ Dersom ein har lang

utdanning, vil ein ha gjerne ha færre år med pensjonsopptening, sjølv om mange har jobb ved sida av studiane.

Trygdehistorikk

Tidlegare periodar som stønadmottakar fortel oss noko om søkjaren si helse. Har han hatt få og lange sjukeperiodar eller kortare og hyppige? Har vedkommande vore på rehabilitering og attføring? Dersom ein har vore ofte sjuk, tyder det på at helsetilstanden er slik at det er varig uførepensjon som er den riktige ytinga, eller tyder mange sjukeperiodar på at det er meir usikkert korleis helsetilstanden utviklar seg? Begge deler kan være tilfelle, så det er usikkert kva dette har å seie for utfallet.

Gjennomsnittleg tal på dagar med sjukepengar siste fem år før ein vert innvilga TU er 385 (vel eit år) for menn og 415 dagar (knappt to månader lenger) for kvinner. Tilsvarande har menn i gjennomsnitt 420 og kvinner 480 sjukepengedagar siste fem år før ein vert innvilga varig uførepensjon.


Tida frå ein startar på det siste sjukepengetilfellet til ein får ei uføreyting er i snitt lenger for tidsavgrensa uførestønad enn for varig uførepensjon. For menn er det i gjennomsnitt nesten 2,5 år frå sjukepengestart til ein mottek ein uførepensjon. For kvinner er det 2,1 år. Til samanlikning er tida frå sjukepengestart til ein mottek ei TU i gjennomsnitt 3,7 år for menn og 3,3 år for kvinner. Dette kan truleg forklarast med at ein større del av dei som får varig uførepensjon er eldre eller har ein diagnose der uførepensjon er eit klarare val.

Det er ein større del av dei som får innvilga TU som har vore gjennom ein periode med rehabiliteringspengar. Blant dei som får innvilga tidsavgrensa uførestønad, er det rundt 90 prosent som har hatt ein periode med rehabiliteringspengar samanlikna med rundt 60 prosent blant dei som får innvilga varig uførepensjon. Det er også ein større del blant dei som får innvilga TU som har motteke attføringspengar, 60 prosent for TU-mottakarar og rundt 30

⁷ I fase 2 av prosjektet skal vi inkludere informasjon om utdanning.

Figur 4.

Prosentdel som har hatt ein periode med rehabiliteringspengar eller attføringspengar før uføreytinga. Nye mottakarar av uføreytingar 1. jan 2004-1. mai 2008.



prosent for UP-mottakarar. Ein litt større del av kvinnene har hatt ein periode med rehabiliteringspengar og ein noko større del av mennene har hatt ein periode med attføring. Blant dei som får TU, har rundt halvparten motteke både rehabiliteringspengar og attføringspengar, medan det tilsvarende er rundt ein fjerdedel blant dei som får varig uførepensjon. Ein noko større del av mennene har motteke både rehabiliteringspengar og attføring.


Som forventa gjev auka tal på sjukepengedagar dei siste fem åra før uføreytinga større sannsyn for å få innvilga ein tidsavgrensa uførestønad. Det same gjeld om ein har hatt ein eller fleire periodar med rehabiliterings- eller attføringspengar.

Familiesituasjon, bustadsfylke og fødeland

Det er ein større del ugifte enn gifte blant mottakarane av tidsavgrensa uførestønad og ein større del gifte blant mottakarane av varig uførepensjon. Dette har nok samanheng

Figur 5.

Nye mottakarar av uføreytingar etter sivilstand, 1. jan 2004-1. mai 2008



med at TU-mottakarane i gjennomsnitt er yngre. Ein større del av kvinnene er gifte, både blant TU mottakarar og uføremottakarar, og 24 prosent av mennene og 27 prosent av kvinnene har eitt eller fleire barn.

For menn har det å være gift ein svak positiv effekt på sannsynet for å få tidsavgrensa uførestønad, medan det ikkje har nokon effekt for kvinner. Dersom ein har barn under 18 år, er sannsynet større for at ein får innvilga tidsavgrensa uførestønad både for menn og kvinner.

I 2006 hadde NAV som styringsparameter at minst 40 prosent av dei nye mottakarane av uføreytingar skulle motta ein tidsavgrensa uførestønad. Enkelte fylker hadde høgre mål enn 40 prosent. Vi finn at det er variasjonar mellom fylka med omsyn til kor mange som får innvilga ein tidsavgrensa uførestønad.

Vi har også inkludert fødeland som ein kontrollvariabel. Å være fødd i andre land enn Noreg er ikkje statistisk signifikant når vi kontrollerer for tilknytning til arbeidslivet.

AVSLUTNING:

Resultata syner i hovudsak at det er stort samsvar mellom faktorar som det skal takast omsyn til når det skal avgjerast om ein søker skal få innvilga ein tidsavgrensa eller varig uføreyting, og faktorar som har signifikans i våre analysar. Yngre personar med diagnoser der den framtidige arbeidsevna ofte kan vere usikker, har større sannsyn for å få innvilga ein tidsavgrensa uførestønad. Den økonomiske kompensasjonsgraden spelar også ei tydeleg rolle for utfallet.

Ordninga med tidsavgrensa uførestønad er i ferd med å opphøyre. I stortingsmelding nr 9 (2006-2007), Arbeid, velferd og inkludering, var eit av hovudgrepa i reforma for ein ny arbeids- og velferdsforvaltning at tidsavgrensa uførestønad, rehabiliteringspengar og attføringspengar skulle bli erstatta med ei ny ordning for mellombels inntektssikring -arbeidsavklaringspengar. Omlegginga til den nye ordninga skal bidra til å vri ressursbruk frå stønadsforvaltning til aktive tiltak og oppfølging. Det er kva behov den enkelte har som skal styre tilbod om tiltak og tenester og ikkje kva yting ein mottar. Den endelege forma på arbeidsavklaringspengar er ennå ikkje vedteken.

REFERANSAR:

Brage, S og Thune, O (2008). «Medisinske årsaker til uføreytelser blant unge 1977– 2006», Arbeid og velferd 3/2008, NAV

NOU 2000:27. Sykefravær og uførepensjonering

St.meld.nr.9 (2006-2007) Arbeid, velferd og inkludering

VEDLEGG

Regresjonsresultat frå logistisk regresjon på data for åra 2004–2006. Tabellen viser oddsrater for å få varig uførepensjon. Referansekategori i parentes. Vi har også kontrollert for fylke og næring.

Variable	Begge	Kvinner	Menn
<i>Kjønn, sivilstand og barn</i>			
-kvinne	0,62***		
-har barn	0,70***	0,69***	0,74***
-er gift	0,93***	0,96	0,89***
<i>Alder (18-24 år)</i>			
-25-29 år	0,57***	0,56***	0,60***
-30-34 år	0,81**	0,77**	0,9
-35-39 år	1,22**	1,23*	1,27*
-40-44 år	1,61***	1,63***	1,66***
-45-49 år	2,59***	2,56***	2,77***
-50-54 år	5,26***	5,55***	5,23***
-55-59 år	26,21***	29,00***	24,42***
-60-67 år	203,83***	254,60***	164,25***
<i>Trygdeytningar</i>			
-meir enn eitt sjukepengetilfelle siste 10 år	0,80***	0,80***	0,82***
-har hatt rehabiliteringspengar	0,32***	0,32***	0,32***
-har hatt attføringspengar	0,93***	0,93*	0,92*
<i>Diagnosar (affektive lidningar)</i>			
-iskemiske hjertesjukdomar	2,45***	2,61***	2,64***
-hjernekarer sjukdomar	2,83***	3,11***	2,74***
-diabetes	2,29***	2,48***	2,22***
-organiske psykiske lidningar	2,36***	2,25***	2,50***
-nevrosar, angst	1,25***	1,06	1,51***
-rusmiddel, tablett	1,89***	1,97***	1,92***
-psykisk utv.hemming	15,21***	19,73***	11,54***
-sjukdomar i nervesystemet	2,59***	2,20***	3,33***
-ryggsjukdomar	1,34***	1,32***	1,39***
-uspesifisert reumatisme, fibromyalgi	0,99	0,95	1,01
<i>Kompensasjonsgrad (liten skilnad)</i>			
-up>tu	1,43***	1,50***	1,38***
-tu>up	0,85***	0,81***	0,87***
<i>Yrkestilknytning (0-25 prosent av moglege år)</i>			
-25- 50 prosent	0,74***	0,74***	0,73***
-50- 75 prosent	0,65***	0,65***	0,60***
-75-100 prosent	0,60***	0,62***	0,59***

*: Signifikant på 5 % nivå, **: Signifikant på 1 % nivå, ***: Signifikant på 0,1 % nivå